



Alver kommune v/Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar: 977d817b-16fb-415e-9e61-0192879c5d81	Linda Hammersvik Folkestad	16.01.2023
Vår: 23/39 - 23/3879	linda.folkestad@alver.kommune.no	

Uttale - gbnr 323/364 Frekhaug - mellombels brakker Vitus apotek med fl. Frekhaug

Tiltak:	Mellombels plassering av bygningar, konstruksjonar og anlegg
Byggjestad:	Gbnr: 323/364
Tiltakshavar:	Frekhaug Torg As
Ansvarleg søkjar:	Frekhaug Torg As

Saka gjeld søknad om etablering av mellombels brakker med bruksareal på 324 m² for Vitus apotek og kyrkjekontor med anleggsrigg ved ombygging og påbygg av 22 nye leilegheiter på Gbnr 323/364 Frekhaug torg. Viser til tidlegare uttaler i sak 21/6176, 21/7136 i oktober 2022. Tiltaket søkjast i periode på inntil 2 år. Arbeidstilsynet har innvilga samtykkje den 12.12.22 Rammeløyve til ombygging og påbygg er gjeve i sak 21/6176 den 29.03.22.

Det ligg brann notat av Firesafe i saka. Brakker skal koplast til VA-leidningar.

Planstatus

Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå planføremaal da det er mellombels. Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen Områdeplan for Frekhaug senter planid nr. 125620100004 er definert PP-område- parkeringsområde mellom S9 og S11- Sentrumsføremaal og ligg delvis i område med føremål G3- gangareal, gangveg, gågate.

Uttale i samband med veg:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale vedkomande søknad om etablering av mellombels brakkerigg med bruksareal på 324 m² (apotek, kyrkjekontor og anleggsrigg).

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har registrert at større køyretøy nyttar vegen som gjennomkøyringsveg da det er vanskeleg å snu større køyretøy når dei leverer varer til verksemdene i området.

Tiltaket må være plassert slik at større køyretøy framleis kan nytte veg som gjennomkøyringsveg ved varelevering.

Ein må også etablere tiltaket slik at det ikkje oppstår konflikt mellom mjuke trafikantar og trafikken i køyrevegen.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG